



Arkivnr: 2018/525-167

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Elin Molven Wilhelmsen

## Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

### Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.10.2018

## Kunstnarstipend 2018 - tildeling

### Samandrag

#### Føremål med ordninga:

Kunstnarstipenda skal gje kunstnarar høve til ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll. Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Gjennom Regional kulturplan PREMISS : KULTUR har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet har følgjande mål: Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.

Generelt:	
Budsjett 2018 – til fordeling	360 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.juni
Vedtak kriteria:	<a href="#">KIRU 13.02.2018, PS 20/2018</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på hordaland.no</a>

Fordeling 2018:	
Tal på søknadar:	147
Tal på søknadar som er tilrådd støtte: 12 utviklingsstipend á kr 30 000	12
Tilrådd fordeling:	360 000 kroner

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ved søknadsfrist 1. september var det motteke 147 stipendsøknader.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Som tidlegare år er det flest søkjarar innan visuell kunst. I år er litteratur og film nr. 2 i høve søkjartal. Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke er blitt vurdert av ulike fagkomitear (18 søknader). Den store søkjarmengda i forhold til tilgjengelege stipend syner eit stort behov for slike midlar. Dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend. Innvilgingsprosenten er omlag 8% i denne ordninga i år.

For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen. Det er det kreative arbeidet som vert vektlagt i vurderinga. Det kan ikkje søkjast om midlar direkte til instrument, materiale, utstyr ol.

Det er jf vedtak i KIRU PS 75/2016 og PS 20/2018 etablert ein omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt inntil 5 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering legg stor vekt på fagkomiteane sine innstillingar, og er i hovudsak i samsvar med desse.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR, særskild innsatsområde Kunstløft .

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele 12 stipend, kvart på kr 30 000, til:

1.

- Kobi Nel – visuell kunst
- Kamilla Langeland – visuell kunst
- Kari Hjertholm,– visuell kunst / kunsthåndverk
- Kari Blomgren – visuell kunst / kunsthåndverk
- Erlend O Nødtvedt – litteratur
- Anngjerd Rustad – litteratur / tverrkunstnarleg
- David Alræk – film
- Eva Pfitzenmeier. – musikk/ scenekunst / tverrkunstnarleg
- Linn Frøkedal,– musikk
- Kristian Stockhaus – musikk
- Øyvind Skarbø - musikk
- Silje Grimstad – scenekunst

Løyvinga utgjer totalt kr 360 000 frå konto 10.400.720.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Kunstnarstipend HFK - Oversikt over tildelingar dei siste 10 åra
- 2 Kunstnarstipend HFK - Oversikt over søkjarane 2018

## Fylkesrådmannen, 26.09.2018

Hordaland fylkeskommune har i 2018 til rådvelde 12 utviklingsstipend á 30 000 kroner.

Budsjettet for kunstnarstipenda har auka dei siste ára – jf. Satsing i regional kulturplan. Det store søkjartalet syner at det er stort behov for kunstnarstipend. Vi har no gått tilbake til ein type stipend – noko som er lettare å handtere særleg for komiteane.

Det er noko ujamnt korleis søkjarane fordeler seg i forhold til dei ulike kunststartane. Søknadene fordelar seg slik på dei ulike kunststartane:

- |   |   |  |
|---|---|--|
| • | Visuell kunst( inkl.kunsthåndverk/design) | 67 søknader                                      |
| • | Musikk:                                   | 32 søknader                                      |
| • | Scenekunst (inklusive dans):              | 10 søknader                                      |
| • | Litteratur og film:                       | 38 søknader                                      |
| • | Andre kunststartar/tverrkunstnarleg:      | 18 søknader (vurdert i to relevante fagkomitear) |

Kjønnsfordelinga mellom søkjarane er 87 søknader frå kvinner og 60 frå menn (nokre av søkjarane har levert inn fleire søknadar).

Liste over søkjarane og søknadane er vedlagt saka, samt ei liste over dei som har fått tildelt kunstnarstipend dei ti siste ára (2008 – 2017).

### Bakgrunn

Kulturplanen inneber ei sterkare satsing på det profesjonelle kunstfeltet, både når det gjeld institusjonane og det frie, profesjonelle feltet. Ei auka satsing på kunstnarstipend er med på å oppfylle dette. I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka, etablerte Hordaland fylkeskommune i 2016 nye stipend innan folkemusikk- og dans. I år vart desse vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 12.9.2018, jf. PS 116/2018.

Stipend også anerkjening og merksemd, noko som kan vere særleg verdifullt for ein kunstnar i startfasen. Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfase.

### Arbeidet i fagkomitear

Hordaland fylkeskommune vil ha breitt samansette komitear (med representasjon frå ulike organisasjonar), m.a. for å sikre at ulike kunstsyn er representert. Dette gir ein kombinasjon av «fagfellevurdering» og vurderingar frå meir institusjonelle organ.

Det er jf vedtak i KIRU PS 75/2016 og PS 20/2018 etablert ein omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt inntil 5 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering legg stor vekt på fagkomiteane sine innstillingar, og er i hovudsak i samsvar med desse.

Fagkomiteane har vore delte inn slik (j.f. politisk vedtak) og med følgjande deltaking:

- **Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design):** Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemar), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP og Fakultetet for kunst, musikk og design og UIB (har ikkje meldt inn deltakar til stipendkomiteen).
- **Musikk:** Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Fakultetet for kunst, musikk og design, UIB (har ikkje meldt inn deltakar til stipendkomiteen), Bergen filharmoniske orkester og Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturformidling.
- **Scenekunst (inkl. dans):** Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter og Høgskolen på Vestlandet – Senter for kunsthøgskule, kultur og kommunikasjon.
- **Litteratur og film:** Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk Filmsenter og Skrivekunstakademiet.

### **Evaluering av innrettinga av arbeidet med tilskotsordninga**

Då dagens innretting av kunstnarstipend-ordninga vart etablert, vart det bestemt at ho skulle evaluerast etter 2 år.

Ved etablering av dei ulike fagkomiteane, har me framleis ikkje lukkast fullt ut med å få medlemmar frå alle institusjonane som var invitert til å delta. Dette kan ha fleire årsakar, men det er gjerne stort arbeidspress i eigen organisasjon som er hovudgrunnen til dette. Elles ser ein både storleiken på komiteane og representasjonen som hensiktsmessig og god. Medlemmane i komiteane kjenner felte sine godt, og utgjør saman ei svært kompetent gruppe.

Vår erfaring er at det nettbaserte søknadssystemet til Hordaland Fylkeskommune framleis ikkje fungerer tilstrekkeleg hensiktsmessig i høve handtering av søknadmengda og all dokumentasjon som søkjarane har sendt inn. Det er m.a. utfordringar når det gjeld å gje eksterne komitémedlemmar tilgang til dokument. Det å gå tilbake til ein type stipend og å sette større krav til format og begrensing av vedlegg har vore naudsynt, og det har letta komitearbeidet og tilrettelegging av dette.

### **Habilitetsspørsmål**

I 2017 kom det opp fleire spørsmål i høve habilitet. Dette synte tydeleg behov for ei større merksemd på habilitetsspørsmål generelt. Med bakgrunn i dette vart det oppretta ein habilitetsrettleiar og eit habilitetsskjema som vart sendt ut i forkant til både institusjonane og den enkelte medlem i fagkomiteane. I tillegg har administrasjonen teke opp habilitetsspørsmålet i byrjinga av kvart fagkomitémøte for å ytterlegare sikra habiliteten til møtedeltakarane.

I fagkomité for Visuell kunst vart det meldt eit habilitetsspørsmål i forkant av fagkomitémøtet. Dette vart løyst med å få ein vara for vedkommande som var inhabil.

### **Vurdering av søknadane**

I samsvar med retningslinene vart søkjarane vurderte av fagkomitear. Alle komiteane innstilte inntil 5 kandidatar innan dei ulike stipendtypene med skriftleg grunngjeving. Partane i saka har innsynsrett i den fullstendige grunngjevinga. Organisasjonane var svært positive til å delta i komitéarbeidet, og deira representantar har gjort ein grundig og god jobb i komiteane.

Fylkesrådmannen har teke den heilskapelege vurderinga og samansetninga av denne samla innstillinga som vert lagt fram til politisk handsaming. Fylkesrådmannen har følgd rangeringane i komiteane sine innstillingar, og sett saman stipendmottakarar ut frå m.a. søkjartal innan dei ulike sjangrane og kunstfagleg breidde. Omtalane av kandidatane som følgjer er sitat frå komiteane sine innstillingar.

**Følgjande kandidatar er innstilt til Hordaland fylkeskommune sine utviklingsstipend 2018 (12 stipend á 30 000 kroner):**

### **VISUELL KUNST (INKLUSIV KUNSTHANDVERK OG DESIGN):**

#### **Kobie Nel**

Kobie Nel (f.1984, Sør-Afrika) bor og har sitt virke i Bergen. Hun er utdannet med en BA i fotografi fra Royal Melbourne Institute of Technology (RMIT), Australia og tok sin MA fra Kunst og Designhøgskolen i Bergen i 2016.

Nels fotografiske bakgrunn er synlig og tilstede i hennes arbeider, men det er i installasjonen vi ser hennes styrke der hun arbeider grenseløst med lyd, bilde, lys og objekter i sine særegne prosjekt. Nel har vist særs godt gjennomarbeidete prosjekt ved en rekke visningssteder i inn og utland, og ga i 2017 ut sin første kunstnerbok Black Lake Monologue.

Et stipend vil brukes til undersøkelse og utvikling av et nytt prosjekt.

#### **Kamilla Langeland**

Kamilla Langeland (f.1989, Kongsberg) er utdannet BA Kunstakademiet i Oslo og tok sin MA ved Kunst og Designhøgskolen i Bergen i 2017. Både under og etter utdanning har Langeland vist høy kunstnerisk aktivitet med deltakelse på utstillinger og prosjekt i inn- og utland.

Langeland er utforskende i sin praksis og arbeider med ulike teknikker som analogt fotografi, mørkeromskopiering, skulptur og maleri. Et tilbakevendende element i arbeidene er menneskets virkelighetsforståelse og persepsjonen av våre omgivelser, en undersøkelse av individets frihet i forhold til psykologi, forskning og ulike stadier av bevissthet.

Langeland søker støtte til fordypning i eget arbeid til flere kommende utstillinger.

### **Kari Hjertholm**

Kari Hjertholm (f. 1954) bor og arbeider i Bergen. Hun har studert ved Kunst og Håndverkskolen i Bergen (tekstil), Vestlandets Kunstakademi og Valands Konsthögskola i Göteborg. Kari Hjertholm har vært en aktiv kunsthåndverker gjennom mange år.

Hun arbeider med tekstilt materiale, ofte i store formater og i et abstrakt uttrykk. Arbeidene hennes er både monumentale og sanselige, med ofte en særegen overflate hvor tusenvis av tråder skaper delvis transparente lag. Hjertholm har hatt flere utsmykkingsoppdrag, og er innkjøpt av museer, bla. Nasjonalmuseet og KODE.

Fagkomiteen vil med dette stipendet anerkjenne Hjertholm sitt kunstnerskap, samt muliggjøre videre fordypning i kommende utstillinger.

### **Karin Blomgren**

Karin Blomgren (f. 1987, Sverige) er utdannet og bosatt i Bergen. Hennes kunstneriske praksis er i hovedsak basert på stedsspesifikk kunst. Hun har bachelorgrad i keramikk og mastergrad i kunst fra Kunst- og designhøgskolen i Bergen. Hun har deltatt på en rekke utstillinger, og mottok i 2016 norske kunstforeningers debutantpris.

Blomgren arbeider med stedsspesifikke installasjoner, ofte med leire, som retter oppmerksomheten mot omgivelsene. Verkene fremstår som kompromissløse og absurde, hvor det temporære spiller en viktig rolle.

Blomgren har etter endt utdanning arbeidet i samarbeidsprosjekt og mottar stipendet for å kunne fordype seg i eget arbeid.

## **LITTERATUR OG FILM:**

**Erlend O. Nødtvedt** (født 21. oktober 1984) en norsk forfatter fra Fyllingsdalen i Bergen. Han har mastergrad i nordisk språk og litteratur fra Universitet i Bergen med en oppgave om Kristofer Uppdal. Han har tidligere gått på Skrivekunstakademiet og har vært redaksjonsmedlem i tidsskriftet *Vagant*.

Nødtvedt debuterte med diktsamlingen *Harudes* i 2008, før *Bergens Beskrivelse* utkom i 2011. I 2014 kom *Trollsuiten* ut. I 2017 romandebuterte han med *Vestlandet*. Han har vunnet priser som Ung Poesiprisen i 2008, Bergensprisen i 2011, Bjørnsonstipendet i 2012, Bokhandlerforeningens forfatterstipend i 2015 og Premio Ostana i 2017.

Nødtvedt er ansett som en av sin generasjons mest sentrale lyrikere, og han har begeistret anmelderne. "Dette vil med stor sannsynlighet være en av poesihøstens mest potente og originale utgivelser," skrev blant annet BTs anmelder om «Bergens beskrivelse». Og nettopp originalitet er et sentralt ord i forhold til Nødtvedts lyrikk, hans dikt har en særegen energisk, vilter og besvergende form som har brakt noe nytt inn i norsk poesi.

Høsten 2017 ga Nødtvedt ut sin første roman «Vestlandet». Den fikk strålende mottakelse og er blant annet blitt omtalt som "en praktfull ode til Vestlandet" og "rein fest og sælebot". Nødtvedt ble kåret til en av de ti fremste unge, norske forfatterne av Morgenbladet og Norsk Litteraturfestival i 2015.

Stipendet skal brukes til arbeid med ny diktsamling, som skal baseres på eget oppgav og røtter i en form for lyrisk slektsforskning

**Anngjerd Rustand**, født 1982 i Arendal har bodd i Bergen siden 2005 da hun begynte å studere ved Kunsthøgskolen. Hun arbeider med tegning, tekst, maleri, installasjon og publikasjoner. Rustand var student ved Skrivekunstakademiet 2017/18, og ønsker nå å fordype seg i litteratur og skriving som uttrykksform, forbundet med visuell kunst.

Rustand er en ung (skrive)kunstner med arbeider av høy kunstnerisk kvalitet, uansett om det er snakk om opplesning, tekst eller maleri - eller alt på en gang. Hennes tverrkunstneriske prosjekt er svært lovende, og Rustand vil bruke stipendet til å videreutvikle arbeidet i grenselandet mellom publisering og utstilling, mellom billedkunst og litteratur.

**David Alræk**, født 1983, har sin bakgrunn i dokumentarfilmen og er utdannet fra høgskolen på Lillehammer. Gjennom sitt arbeid har David Alræk markert seg som en modig og reflekterende filmkunstner. Filmen «Til månen med bestefar» en svært personlig dokumentar, hadde premiere under BIFF i 2016 og er siden vist på TV2. Filmen fikk en svært god mottakelse.

Stipendet skal brukes til å fordype seg i hvordan filmen, som kunstform, kan presenteres på nye måter. Alræk er tiltrukket av tverrfaglige prosjekter og ønsker å gå dypere inn i ulike problemstillinger og gi seg selv arbeidsro til å utforske og prøve ut hvordan filmen kan brukes i samarbeid med andre kunstformer. Han ønsker også å se på hvordan publikum kan aktiveres, for å oppleve film og historier på nye måter. David Alræk er en talentfull filmskaper som tør å gå egne veier. Som filmkunstner er han en ressurs for filmmiljøet.

## **MUSIKK:**

### **Eva Pfitzenmaier**

Eva Pfitzenmaier sin søknad er ein manifestasjon av eit stort verke. Ho kan vise til mange kunstnarleg spennande prosjekt. Arbeida hennar ber preg av ein klar kunstnarleg visjon, der utforskning av eiga stemme og utprøving av tverrfaglege samarbeid er nøkkelord. Ho går sine egne vegar og inviterer utøvarar innan også andre kunstuttrykk enn musikk med i sine prosjekt; som dansarar, skodespelarar og animasjonskunstnarar.

Ho er ein utøvar med stor integritet og eit personleg uttrykk. Stipendkomiteen for musikk er trygge på at eit stipend vil resultere i arbeid av høg kvalitet og stor originalitet.

### **Linn Frøkedal**

Linn Frøkedal har markert seg som songar, muskar og komponist i respekterte band som Megaphonic Thrift, The Low Frequency In Stereo og Misty Coast. Hennar musikalske uttrykk er særprega og av høg kvalitet.

Etter tre nominasjonar fekk Megaphonic Thrift Spellemannprisen i 2015 i klassa «Indie» med albumet «Sun Stare Sound». I tillegg til sine egne prosjekt, har ho også arbeidd hardt som turnerande og utøvande muskar med m.a. Silja Sol, Savoy og Morgonfrosken. Ho kan vise til ei imponerande liste med bidrag til andre sine utgjevingar.

Hennar ønskje om å vidareutvikle seg som komponist, tekstforfattar og studioteknikk vil garantert involvere og gagne andre i musikkmiljøet.

### **Kristian Stockhaus**

Kristian Stockhaus er ein profesjonell og produktiv artist. Han jobbar like gjerne solo som i samarbeid med andre artistar. Hans siste prosjekt «Lekende lett» med Synne Bønes har hausta sær gode omtalar i pressa, og prosjektet blei hyra inn til by:Larm i Oslo og Vill Vill Vest i Bergen. Til sine egne prosjekt som Ungdomsskolen og Stockhaus komponerer han all musikk. Han har óg laga musikk saman med artistar som Astrid S., Karin Park, Halie, Vilde Tuv og Miss Tati.

Kristian er en leikande, kreativ og allsidig utøvar som har respekt i musikkmiljøet, og eit kunstnarstipend vil gi ham moglegheit til å vidareutvikle seg som komponist og produsent i fleire prosjekt framover.

### **Øyvind Skarbø**

Trommeslagaren, komponisten og produsenten Øyvind Skarbø er profesjonell i alt sitt verke. Han er ein søkjande kunstnar med ei stor dose nysgjerrigheit i botn. Han skilir leikande lett inn i alle sjangrar, anten det er folkemusikk, cubansk musikk, fri-jazz eller samtidsmusikk. For musikkmiljøet i Bergen er han ei viktig drivkraft.

Han har fått i oppdrag å skrive eit tingingsverk til Nattjazz i 2019. Med eit kunstnarstipend får han det økonomiske handlingsrommet han treng for å realisere prosjektet «Skarbø Skulekorps».

### **SCENEKUNST (INKLUSIV DANS):**

#### **Silje Grimstad**

Silje Grimstads karriere har skutt full fart mot stjernehimlen. Hun har bred erfaring som lyskunstner fra både scenekunst- og musikkfeltet, og er en fremtredende ambassadør for en fagkompetanse som ofte er underkommunisert. Grimstad har bygget sitt kunstnerskap gjennom langvarig praksis i feltet, og har utviklet seg fra å være lydtekniker og rigger, til å bli en ettertraktet lys- og videodesigner som har gjort seg bemerket både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Komiteen innstiller at Silje Grimstad mottar kunstnerstipend for å tilegne seg videre fagkompetanse og kursing som kan videreutvikle virksomheten, og mener dette vil kunne gagne ikke bare hennes eget kunstnerskap, men hele feltet. Komiteen ser med særlig interesse på prosjektene som innebærer utvikling av lys som scenografisk og performativt element i scenekunstproduksjon

#### **Eva Pfitzenmaier - tverrkunstnerisk**

Eva Pfitzenmaier har lang fartstid i scenekunstheltet i Hordaland, og har markert seg med flere særegne prosjekter som involverer samarbeid på tvers av sjangre. Eva jobber fokusert med sammenblanding av ulike virkemidler ofte artikulert gjennom sceniske collager av høy kunstnerisk kvalitet. Som en allsidig aktør med mange etablerte allianser både lokalt og internasjonalt viser hun seg stadig nysgjerrig og utprøvende, og har en sterk virkestrang. Komiteen innstiller at Eva mottar kunstnerstipend for å drive vidare formmessig utforskning, i tillegg til teknisk utvikling som vokalist og utøver.

Med